



Husebøkrinsen Bygdelag
v/Morten Bratshaug

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/590 - 17/24095

Saksbehandlar:
Martin W. Kulild
martin.kulild@meland.kommune.no

Dato:
05.12.2017

Gamle Husebø skule - utbetaling

Vedlagt følgjer vedtak.

I samsvar med vedtak i formannskapet 15.11.17, sak 126/2017 vert det utbetalt kr 100 000,- til Husebøkrinsen Bygdelag.

Beløpet vert utbetalt til konto 3632 44 46146 – Husebøkrinsen Bygdelag.

Med helsing

Martin W. Kulild
Rådmann

Andre mottakarar:
Husebøkrinsen Bygdelag

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 614, TI - &55	17/590

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
87/2017	Formannskapet	PS	30.08.2017
126/2017	Formannskapet	PS	15.11.2017

Gamle Husebø skule - disponering av salssum

Vedlegg:

Korrespondanse i saka

Saksopplysningar:

Kommunen har mottatt skriv frå Husebøkrinsen Bygdelaag der dei ber om at deler av salssummen ved kommunen sitt sal av Husebø gamle skule vert tilgodsett bygdelaaget. Dei grunnir denne oppmodinga med at Husebø gamle skule i si tid blei oppført av bygdefolk og at grunneigarar gav tomt vederlagsfritt med tanke på at dette skulle komme lokalsamfunnet til gode. Bygdelaaget har nytta huset sidan 1972 og har nedlagt mykje dugnadsarbeid fram til 2014. Dei peiker på at dette har medverka til godt vedlikehald og verdiauke på bygninga. Dei ber difor om at 50% av salssummen, med fråtrekk av omkostningar, vert tilgodesett Husebøkrinsen Bygdelaag. Midlane vil bli disponerte til rehabilitering og vedlikehald av bygdelaaget sine nye lokale i Husebø Bedehus, Nordavinden.

Saka om sal av Husebø gamle skule går fleire år tilbake i tid. Allereie i 2006 behandla formannskapet sak om sal av kommunale eigedommar/tomter. Av vedtaket går det fram at når det gjaldt Husebø gamle skule og Gaustad gamle skule, kunne desse eigedommane overførast til grenda etter ein nærare avtalt pris, etter forhandlingar. Dersom grenda ikkje var interessert i overtaking, skulle eigedommane lysast ut for sal til høgstbydande. Formannskapet gav administrasjonen fullmakt til å akseptere kjøpstilbod. Når det gjeld Husebø gamle skule, så stoppa saka opp etter vedtaket i 2006, for så å bli aktuell igjen i 2011. Kommunestyret behandla då i møte 04.05.11 sak om disponering, eventuelt sal av Husebø gamle skule. Av vedtaket går det fram at administrasjonen skulle jobbe vidare med saka om disponering av eigedommen etter 3 alternative løysingar:

1. «Husebøkrinsen Bygdelaag overtar eigedommen til ein nærare avtalt pris. Ordførar vert bedt om å gjennomføre prisforhandlingar (jf. formannskapsvedtaket frå 2006)

2. Husebøkrinsen Bygdelaag får tilbod om å leige bygget på same økonomiske vilkår som er gitt i tilsvarande leigeavtalar. Kommunestyret gir administrasjonen fullmakt til å utforme leige kontrakt.
3. Dersom ingen av dei to første alternativa slår inn, godkjenner kommunestyret at eigedommen vert lyst ut for sal til høgstbydande. Kommunestyret gir administrasjonen fullmakt til å akseptere kjøpstilbod.»

I første omgang vart det jobba etter alternativ 1. Sum for overtaking vart sett til kr 5 000 + omkostningar. Prosessen rundt dette tok noko tid, men i 2014 vart det avklart at Husebø Bygdelaag takka nei til dette tilbodet, ettersom dei då hadde fått tilbod om å overta eit større forsamlingslokale frå Husebø Indremisjonslag og heller ville satse på denne løysinga.

I kommunestyret sitt budsjettvedtak i 2014 vart det tatt inn eit verbalpunkt om sal av kommunale eigedommar. I vedtaket heiter det: *Det blir lagt til grunn at det blir seld kommunale eigedommar i løpet av 2015. Inntekter frå slikt sal skal nyttast til å styrkje kapitalfondet.»*

Ved gjennomgang av eigedomsmassen kom administrasjonen fram til tre objekt som var aktuelle for sal i 2015: Husebø gamle skule, Fløksand kai og naust på Frekhaug. Ettersom Husebø Bygdelaag hadde takka nei til overtaking av Husebø gamle skule, vart eigedommen lagt ut for sal. Prosessen vart avslutta i februar 2017, og salssummen på kr 600 000, med fråtrekk av omkostningar, vart då i samsvar med kommunestyrevedtaket tilført kapitalfondet.

Vurdering

Oppmodinga frå Husebøkrinsen Bygdelaag om å overføre 50% av salssummen for Husebø gamle skule vil vere vanskeleg av fleire årsaker. Sal av fast eigedom skal alltid tilførast kommunen sitt kapitalfond, og det er då også gjort i dette tilfellet. Overføring av deler av salssummen vil ha karakter av tilskot til ein annan part, og det er ikkje høve til slik bruk av kapitalfondet. Dersom formannskapet eller kommunestyret ønskjer å gi eit tilskot til Husebøkrinsen Bygdelaag, må dette i så tilfelle gjerast over disposisjonsfondet.

Rådmannen meiner det er viktig at kommunen vektlegg likeverdig og rettviss behandling i saker som gjeld tilskot til frivillige lag og organisasjonar. Husebøkrinsen Bygdelaag fekk høve til å overta eigedommen til ein symbolsk sum, på same måte som det også vart gjort for Gaustad gamle skule/Nordre Austebygd Velforening. Eit reint tilskot på kr 250 000 (50% av netto salssum) vil føre til likebehandlingsutfordringar, og utbetaling av ein slik sum vil lett kunne bli oppfatta som skeiv og urettvis. Summen tilsvarar elles det årlege tilskotet til idrettsanlegga på Fossemýra eller i Leirdalen.

Det er korrekt at Husebøkrinsen Bygdelaag i tida 1972 – 2014 utførte vedlikehaldsarbeid på Husebø gamle skule på dugnad, mot at bygdelaaget fekk disponere bygninga vederlagsfritt. Alt materiell til vedlikehald vart betalt av kommunen, det same gjaldt for straum, forsikring og kommunale avgifter. Kommunen tok kostnaden med å installere ny slamavskiljar. På mange måtar fungerte bruk/utgifter som ei form for «yting mot yting.»

Det vart i perioden 2008 – 2013 utbetalt kulturmidlar til Husebøkrinsen Bygdelaag med kr 30 000. I perioden 2015 – 2017 har det vore løyvd kr 45 000 over kulturmidlane til lagshuset Nordavinden, som bygdelaaget overtok i 2014. For same periode vart det også løyvd kr 35 500 til friluftstiltak, og i tillegg kr 20 000 til innkjøp av skilt og tavler. Sistnemnde tiltak ligg rett nok på sida av det bygdelaaget no søkjer om, men totalt sett vurderer rådmannen det slik at Husebøkrinsen er eitt av dei laga som har kome godt ut dei siste åra m.o.t. løyvingar over kulturbudsjettet.

Det er rett at det i si tid vederlagsfritt vart gitt tomt til skulebygninga av grunneigarar i området. Det vil likevel vere svært vanskeleg å vurdere verdien av dette opp i mot dagens eigedomsverdi, og rådmannen meiner difor at dette momentet ikkje kan tilleggjast avgjerande vekt.

Folkehelse: Ikkje vurdert i saka.

Miljø: Ikkje relevant i saka.

Økonomi: Det er gjort greie for dei økonomiske implikasjonane i saksutgreiing/vurdering.

Konklusjon

Rådmannen finn ikkje grunnlag for å tilrå oppmodinga frå Husebøkrinsen Bygdelag om å overføre 50% av salssummen ved sal av Husebø gamle skule til bygdelaget.

Eit alternativ kan vere at formannskapet løyver ein mindre sum, t.d. kr 10 000 i tilskot, finansiert over disposisjonsfondet, dersom formannskapet ønskjer det.

Framlegg til vedtak:

«Formannskapet finn ikkje grunnlag for å overføre deler av salssummen ved sal av Husebø gamle skule til Husebøkrinsen Bygdelag».

Formannskapet - 87/2017

FS - behandling:

Ved handsaming av saka vedtok formannskapet samrøystes å lukke møtet med tilvising til Kommuneloven § 31.5.

Avrøysting:

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

FS - samrøystes vedtak:

Saka blir utsett. Ordførar/rådmann blir beden om å gå i dialog med bygdelaget før saka kjem opp til ny handsaming i formannskapet.

Formannskapet - 126/2017

FS - behandling:

Fellesframlegg til vedtak i møtet:

Etter ei samla vurdering løyver formannskapet kr 100 000,- til Husebøkrinsen bygdelag. Beløpet blir løyvd frå disposisjonsfondet.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

FS - samrøystes vedtak:

Etter ei samla vurdering løyver formannskapet kr 100 000,- til Husebøkrinsen bygdelag. Beløpet blir løyvd frå disposisjonsfondet.